

NOTAT FRÅ SAMLING REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL - RÅDMANNSUTVALET

Møtedato: Torsdag 27.3 – fredag 28.3.2014

Stad: Geilo, Bardøla Høyfjellshotell

Desse møtte frå regionrådet:

Oddvar Grøthe,
Tony Kjøl,
Ivar Brevik,
Hallvor Lilleslett,
Tor Magnussen,
Tor Egil Buøen,
Knut Arne Gurigard
Ulrikke Ytteborg

Desse møtte frå rådmannsutvalet:

Sveinung Halbjørhus	Hemsedal kommune
Lars Ole Skogen	Hol kommune
Tone Tveito Eidnes	Ål kommune
Hege Mørk	Gol kommune
Torbjørn Hansen	Nes kommune
Odd Egil Stavn	Flå kommune

Buskerud fylkeskommune, fylkeskontakt Anne Sandum

1. Samferdsel, drøfting strategiske val

Med bakgrunn i drøftingar vart følgjande pressemelding utarbeida:

Regionrådet for Hallingdal drøfta i møte 27.3.2014 samferdsel og prioritering av vegar.

Regionrådet heldt fast ved tidlegare vedtak.

Forutan ei generell standardheving av vegar som til dels er sterkt nedkøyrt, er følgjande konkrete større tiltak prioritert:

- Vegpakke Hallingdal, strekninga Ørgenvika – Gol
- Ny veg Rv.52 Gol – Robru
- Utbygging av E16 Sandvika – Hønefoss
- E16 mot Gardermoen, med strekninga Eggemoen – Olum.
- Igangsetjing av overordna planarbeid Rv7 Hardangervidda, mellom Haugastøl og Maurset.

Statens vegvesen har starta eit arbeid med ei strategisk utgreiing av aust-vest sambanda, som skal danne grunnlag for framtidige prioriteringar. I denne samanheng har samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen signalisert at ein av vegane skal vera «merkbart betre».

Regionrådet for Hallingdal stiller spørsmål ved om det er hensiktsmessig å peike ut eit aust – vest samband som skal vera «merkbart betre», med relativt små trafikkmengder. Det er og eit mål å overføre mykje av godstrafikken til bane og sjø, samstundes som det meste av trafikken er underveis trafikk.

2. Samarbeid Regionrådet – Rådmannsutvalet

Samarbeid regionrådet – rådmannsutvalet fungera bra. God kommunikasjon og informasjon er eit kjernekjunkt. Det skal vurderast om dagleg leiar skal ha ein meir planmessig møteplass med rådmannsutvalet.

3. Hallingdal 2020

Ulrikke Ytteborg orienterte om Hallingdal 2020 i forhold til m.a.:

- Hallingtref i Bergen, 5. mai
- Marknadsføring Sokna – Ørgenvika, «1 time ekstra»
- Aktivitetskalenderen «Kva skjer»

4. Kulturkoordinator Hallingdal

Kulturkoordinator Sigurd Rotvik Tunestveit orienterte om prosjektet felles kulturkoordinator for Hallingdal og tankar framover (vedlagt eigen presentasjon).

I tillegg fekk forsamlinga ei flott kulturoppleveling, der Emil Brattested spelte gitar med Thomas Mørch sine bilde som «følgje».

5. Felles strategi for syklande og gåande, drøfting

Regionrådet/rådmannsutvalet drøfta om det kan vera føremålstenleg å utarbeide ein felles plan for gang- og sykkelvegar i Hallingdal. Målet er m.a. å synleggjera Hallingdal sine krav/ynskje på ein betre måte, og bli meir slagkraftige i forhold til prioriteringar.

Dagleg leiar lagar eit utkast for vidare drøfting i forhold til gang- og sykkelvegar etter riksvegar. I tillegg skal det sjåast på korleis Hallingdal kan ha felles strategi/plan i forhold til mindre tiltak (ref pkt. 7) m.a. utfartsområde og kryssing av veg, der fartsreduksjon kan vera eit konkret tiltak.

6. Differensiert arbeidsgjevaravgift, kompensasjonsordningar

Regionrådet drøfta vidare startegi i samband med differensiert arbeidsgjevaravgift og kompensasjonsordningar. Ordførarane følgjer opp i forhold til sine nettverk. Knut Arne i samarbeid med Tony, arbeidar vidare for å få vurdert moglegheiter for kompensasjonsordningar retta mot reiselivet.

7. Trafikktryggleik

Regionrådet/rådmannsutvalet drøfta korleis Trafikktryggleik Hallingdal eventuelt skal førast vidare.

Det vil ikkje vera aktuelt å starte Trafikktryggleik Hallingdal som eit nytt prosjekt. Aktuelle alternativ som vart drøfta var:

- Arbeide målretta i forhold til konkrete tiltak
- Etablere ei fast stilling i samarbeid med Buskerud fylkeskommune.

Rådmannsutvalet og dagleg leiar vurdera dette vidare.

8. Hallingbussen

Nettbuss Sør AS har bindande avtale med Brakar AS om tilskot til å drive Hallingbussen mellom Geilo og Drammen/Oslo fram til 31.12.2014. Nettbuss har forhandla med Brakar AS om å si opp avtala frå 1.6.2014. Styret i Brakar vedtok i møte 25.03.2014 at gjeldande avtale skal vidareførast.

Hallingbussen har to dagsle avgangar i kvar retning, og det er usikkerheit knytt til vidareføring i 2015. I følgje Nettbuss går ruta med betydeleg underskot. Det vil og vera behov for å justere dette tilbodet som følgje av omlegginga av Rv 7 Sokna – Ørgenvika.

Ein tidleg morgonavgang frå Hallingdal til Oslo, med buss eller tog, er heilt avgjerande for at Hallingdal skal ha eit reelt kollektivtilbod, i forhold til dagsturar. Buskerud fylkeskommune er aktivt inne i prosessen og vurdera mogelege løysingar. Fylkeskommunen er i gang med å få vurdert mogelegheitene for å gi tilskot til kommersiell rute.

I tillegg til drahjelp frå Buskerud fylkeskommune er det viktig at Hallingbussen blir nytta.

Som eit konkret tiltak tek regionrådet ansvaret for at det blir laga felles rutetabell for tog/buss for ruter inn/ut av Hallingdal, og at denne blir distribuert både i papirformat og elektronisk.

Kommunane som stor arbeidsgjevar må og vurdere korleis dei kan stimulere sine tilsette til større bruk av tog/buss.

9. Rutinar sakliste, møteprotokoll

Som eit ledd i å betre rutinane for meir offentlegheit i regionrådet er det lagt opp til følgjande rutinar:

- Sakliste blir lagt ut på heimeside og sendt postmottak i kommunane og media, når den er klar. I tillegg skal regionrådet sine møte annonserast saman med kommunane sin møte. Hallingtinget vil og få melding om at sakliste er lagt ut.
- Godkjenning av møteprotokoll skjer i møte
- Møteprotokoll blir lagt ut på heimeside og sendt postmottak i kommunane og media, snarast råd etter møte. Hallingtinget vil og få melding om at møteprotokoll er lagt ut.

Å1 2.4.2014

Knut Arne Gurigard